



SOGN OG FJORDANE
SKIKRINS

- MØTE NR.:** 02 i tingperioden 2013-2015
- FRÅ:** Styret i Sogn og Fjordane Skikrins
- STAD/DATO:** Skei, Skei Hotell / 22. oktober 2013
- TIL STADES:** Inge Fænn, Anders Felde, Hallvard Nygård, Reidun Hegrenes, Arthur Hegrenes, Lilly Schøyen og Yngve Thorsen (adm.).
- FORFALL:** Gunnar Fannemel, Asle Sande (1. varamedlem) og Margunn Hjelmeset (2. varamedlem)
- MERKNADER:**
- REFERENT:** Yngve Thorsen
- SAKLISTE:**
- REFERATSAKER**
Sak 15 13-15 Godkjenning av innkalling, sakliste og protokoll nr. 01 13-15
- ORIENTERINGSAKER**
Sak 16 13-15 Rapport frå greinkomiteane
Sak 17 13-15 Skiidrett for alle
- ei informasjonsbrosjyre frå Sogn og Fjordane Skikrins
Sak 18 13-15 Statoil Hovudlandsrennet nordiske greiner 2014
Sak 19 13-15 Status plastlegging av Bjørkelibakkane
Sak 20 13-15 Status planlegging Skitinget 2014
Sak 21 13-15 Nye nettsider for Sogn og Fjordane Skikrins
- DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER**
Sak 22 13-15 Sogn og Fjordane Skikrins sin handlingsplan 2013-2014
B- Sak 23 13-15 Sogn og Fjordane Skikrins sitt markedsarbeid
Sak 24 13-15 Haustmøtet 2013
Sak 25 13-15 Rammer for budsjett 2014
- RAPPORTERING**
Sak 26 13-15 Rekneskapsrapport pr. 30.09.2013
- EVENTUELT**
Sak 27 13-15 AutoPASS
B- Sak 28 13-15 Norges Skiforbund sin heidersteiknkomitè
-



SOGN OG FJORDANE
SKIKRINS

REFERATSAKER

Sak 15 13-15

Godkjenning av innkalling, sakliste og protokoll nr. 01 13-15 Bakgrunn

Innkalling, sakliste og protokoll nr. 01 13-15 er utsendt på førehand.

Vedtak

Skikrinsstyret godkjenner innkalling, sakliste og protokoll nr. 01 13-15.

ORIENTERINGSAKER

Sak 16 13-15

Rapport frå greinkomiteane Bakgrunn

Leiarane i greinkomiteane presenterte sin aktivitetsstatus p.t. til Skikrinsstyret.

- Alpinkomiteen v/ Lilly Schøyen
- Langrennskomiteen v/ Arthur Hegrenes
- Hopp- og kombinertkomiteen v/ adm.

Vedtak

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

Sak 17 13-15

Skidrett for alle

- ei informasjonsbrosjyre frå Sogn og Fjordane Skikrins

Bakgrunn

Viser til saksutgreiing og vedtak i *Sak 07 13-15*.

Skikrinsen sin ressursperson innan integrering, Asle Sande, har i samarbeid med adm. utvikla brosjyremateriell med råd om universell utforming av skianlegg.

Bakgrunnen er at skikrinsen ynskjer å stimulere skianlegga i fylket til å legge dei fysiske tilhøva så godt til rette som mogleg for born og vaksne med nedsett funksjonsnivå. Universell utforming av skianlegg vil gje fleire menneske med nedsett funksjonsevne høve til å delta i både organisert og uorganisert skiaktivitet, og er ein føresetnad for at den vedtekne visjonen «Idrett for alle» skal bli verkeleg.

Ein har vidare fått tilsagn frå fylkeskommunen om kr. 20 000,- til utvikling av brosjyremateriellet.

Materiellet er no ferdig utvikla, og det vil i første omgang bli distribuert til skigruppene-, anleggseigarane samt kommunane i Sogn og Fjordane.

Vedtak

Skikrinsstyret tek saka til orientering.



SOGN OG FJORDANE
SKIKRINS

Sak 18 13-15

Statoil Hovudlandsrennet nordiske greiner 2014

Bakgrunn

Viser til saksutgreiing og vedtak i *Sak 03 13-15*.

Det har vore lengre drøftingar/forhandlingar mellom Markane IL og IL Vetem m.o.t. den økonomiske fordelinga i samband med Hovudlandsrennet nordiske greiner 2014, og torsdag 03. oktober kom partane til einigheit.

Partane har no inngått ein avtale der Markane IL er hovudarrangør, medan IL Vetem er teknisk arrangør av hopp- og kombinert. I avtalen får IL Vetem kr. 185 000,- for arbeidet med gjennomføring av den tekniske delen knytt til sin del av arrangementet.

Med bakgrunn i møte med hovudarrangør 15. oktober, kan ein elles orientere om at planlegginga av arrangementet er i rute, sjølv om ein har nokre utfordringar m.o.t. innkvartering.

Vedtak

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

Sak 19 13-15

Status plastlegging av Bjørkelibakkane

Bakgrunn

Nordfjord Fritidsenter har 09. oktober søkt Sogn og Fjordane Fylkeskommune om utsett frist for ferdigstilling av arbeidet med plastlegging.

Bakgrunnen for søknaden er at utbyggjar må endre profilen for K40, noko som medfører at ein må sprengje ca. 300m³ fastfjell og endre tilløpet i heile bakken. Dette er ekstra arbeid som ikkje var planlagt i utgangspunktet. Arbeidet tek ekstra tid og medfører at ein truleg ikkje får denne bakken ferdig før snøen kjem. Grunna ekstra arbeidsinnsats i K40, for å få denne klar til vinterbruk, blir arbeidet med K15 noko forsinka.

Nordfjord Fritidssenter har difor søkt Sogn og Fjordane Fylkeskommune om utsetjing av ferdigstilling slik:

- K15: 15 november 2013
- K40: 10. juni 2014

Vedtak

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

Sak 20 13-15

Status planlegging Skitinget 2014

Bakgrunn

Viser til saksutgreiing og vedtak i *Sak 01 13-15* og *Sak 04 13-15*.

Leiar og adm. sjef har med bakgrunn i tidlegare vedtak arbeida vidare med Skitinget 2014.



SOGN OG FJORDANE
SKIKRINS

I samarbeid med næringsavdelinga i fylkeskommunen inviterar skikrinsen onsdag 11.06.2014 til eit mini-seminar innanfor utvikling av skianlegg i Sogn og Fjordane.

Føremålet med seminaret er å vurdere korleis ein saman med næringslivet og fylkeskommunen kan sikre ei god og framtidsretta utvikling av skianlegga i fylket.

Målgruppa for seminaret er anleggseigarar, kommunane samt idrettslaga og andre personar med interesse for skianlegg.

Aktuelle føredragshaldarar på seminaret kan vere:

- Jan Heggheim, fylkeskommunen v/ næringsavdelinga
- Sven Flo, ordfører i Stryn kommune
- Erik Røste, president Norges Skiforbund
- Marit Gjerland, anleggskonsulent Norges Skiforbund
- Sogndal Skisenter
- Hornindal Skisenter (Bjørn Lødemel)
- Arvid Andenes, direktør Sparebanken Sogn og Fjordane
- Richard Grov, direktør Hotel Alexandra
- Sverre Seeberg, FIS

Onsdag 11.06. legg ein vidare opp til ein felles middag på Ullsheim for Skistyret, tilsette i krets samt NSF adm., tilsaman ca. 45 personar.

Dvs. at den opphavelige middagen for Skistyret torsdag 12.06. og den sosiale samlinga for dei kretstilsette onsdag 11.06. blir slått saman til eit arrangement.

Rammene for middagen fredag 13.06. som skikrinsen er vertskap for, er klarert med Norges Skiforbund og Hotel Alexandra. Her legg ein opp til ”grillparty” på hotellet med m.a. innslag v/ Roy Aron Myklebust, Torstein Tvinnereim og Kjetil Rasmussen. Alle desse har stadfesta at dei stiller. Skikrinsen skal elles dekke ekstra kostnaden med denne middagen – ca. kr. 450,- pr. person. Totalt budsjett for Roy Aron Myklebust, Torstein Tvinnereim og Kjetil Rasmussen er kr. 10 000,-.

Under tingmiddagen laurdag er det klarert at Torstein Tvinnereim er toastmaster. Vidare vert det musikkinnslag med Arne Sølvberg, Ketil Rasmussen og gruppa Apal som m.a. består av Linda Gytri og Kristoffer Kleiveland. Den økonomiske ramma for dei kulturelle delane under tingmiddagen er på ca. kr. 30 000,-.

I det vidare arbeidet må ein rette fokus mot korleis skikrinsen skal ordne ekstern finansiering av middagen fredag 13.06.2013.

Vedtak

Skikrinsstyret tek saka til orientering.



SOGN OG FJORDANE
SKIKRINS

Sak 21 13-15

Nye nettsider for Sogn og Fjordane Skikrins

Bakgrunn

I samband med Norges Skiforbund sitt Haustmøte 17.-20. oktober, vart det lansert nytt web-verktøy og nye nettsider for skiforbundet inkl. skikrinsane.

Adm. presenterte dei nye nettsidene for skikrinsstyret.

Dei nye nettsidene skal lanserast allereie 01. november 2013, og adm. vil i perioden fram til lansering prioritere arbeidet med å utarbeide nye nettsider for Sogn og Fjordane Skikrins.

Vedtak

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER

Sak 22 13-15

Sogn og Fjordane Skikrins sin handlingsplan 2013-2014

Bakgrunn

Drøftingsgrunnlag for greinkomiteane sine handlingsplanar er utsendt på førehand.

Handlingsplanen byggjer på Sogn og Fjordane Skikrins sin Strategiplan 2013-2017. Strategiplanen vart vedteken i samband med Skikrinsstinget på Skei 2013, og planen er den organiserte skiidretten i Sogn og Fjordane sitt skipolitiske dokument. Strategiplanen dannar grunnlaget for Skikrinsstyret og greinkomiteane sine årlege handlingsplanar.

Summen av dei årlege handlingsplanane i heile strategiperioden skal gje skikrinsen størst mogleg grad av måloppnåelse.

I møte presenterte adm. strukturen for handlingsplanen 2013-2014.

Vedtak

Skikrinsstyret tilrår strukturen slik den føreligg.

I det vidare arbeidet med oppfølging av arbeidsområdet, skal handlingsplanane handsamast i respektive greinkomitear.

Planen skal formelt handsamast i samband med møte i Skikrinsstyret i november/desember.

B- sak 23 13-15

Sogn og Fjordane Skikrins sitt markedsarbeid

Sak 24 13-15

Haustmøtet 2013

Bakgrunn

Haustmøtet til Sogn og Fjordane Skikrins vert gjennomført ved Skei Hotell, tysdag 05. november.

Saklistene til dei ulike fagmøta må vere sendt til adm. seinast tysdag 29. oktober 2013.



SOGN OG FJORDANE
SKIKRINS

Frå Norges Skiforbund kjem anleggskonsulent Marit Gjerland, i tillegg kjem representant frå tryggleiksavdelinga i Statens Vegvesen Region Vest.

Vedtak

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

Sak 25 13-15

Rammer for budsjett 2014

Bakgrunn

Prosessen med budsjett for 2014 er starta opp (adm.), og ein har mål om å presentere eit ferdig budsjett i samband med møte i skikrinsstyret i november/desember.

I det førebelse arbeidet legg ein til grunn følgjande;

- ein skal presentere eit budsjett der alle avdelingar er i balanse (inkl. total budsjettet)
- rammene for inntektene er;
 - o markedsinntekter (sikre avtalar)
 - o lagskontingent
 - o tilskot for IK
 - o tilskot frå fylkeskommunen
 - o tilskot frå NSF
 - o rennavgifter
 - o mva. kompensasjon
 - o eigendelar for klubb/utøvar
- rammene for kostnadane er knytt til prosjekt innanfor følgjande avdelingar;
 - o adm./styret
 - o alpint
 - o hopp/kombindert
 - o langrenn
 - o skitinget 2014 (ny avdeling)
- vedteken fordelingsnøkkel for markedsinnt. vert vidareført i budsjettet (92,5% av markedsinnt. blir ført vidare til greinkomiteane, medan AU held igjen 7,5% til eiga drift)
- at det vert gjennomført grundige budsjettprosessar i AU/styret og komiteane i haust, og at ein i desse prosessane har fokus på;
 - o bevisstgjerung kring økonomiske prinsipp
 - o kopling av handlingsplan og budsjett (om det er bestemte prosjekt som skal prioriterast etc.)

Økonomien til skikrinsen har auka mykje i omfang dei seinare åra, og dette krev også grundigare arbeid på økonomisida.

Vedtak

Skikrinsstyret tek saka til orientering.



SOGN OG FJORDANE
SKIKRINS

RAPPORTERING

Sak 26 13-15

Rekneskapsrapport pr. 30.09.2013

Bakgrunn

Rekneskapsrapport pr. 30.09.2013 er utsendt på førehand.
Adm. presenterte rapporten

Vedtak

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

EVENTUELT

Sak 27 13-15

AutoPASS

Bakgrunn

Leiar fremmar framlegg om at Sogn og Fjordane Skikrins skal teikne ein AutoPASS avtale. Avralen gjev brukaren rett til å passere i alle bompengeanlegg i Norge som er skilta av AutoPASS. Ein får i tillegg rabatt på bomstasjonane som administrerast av selskapet ein av har avtale med.

Når ein teiknar avtalen blir ein tildelt ei AutoPASS brikke som ein festar til innsida av frontruta på bilen ein nyttar. Kvar gang ein passerar i ein bomstasjon med AutoPASS vert bompengavgifta belasta bilen.

AutoPASS brikkene skal nyttast i samband med aktivitetar i regi av skikrinsen.

Vedtak

Skikrinsstyret gjev adm. fullmakt til å investere og administrere ein eller fleire AutoPASS avtalar for Sogn og Fjordane Skikrins.

B-Sak 28 13-15

Norges Skiforbund sin heidersteiknkomitè

Neste møte i Skikrinsstyret:

Tysdag 03. desember, kl. 17.00.
Møtet vert avvikla på Skei, Skei Hotell.

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

Inge Fænn (s)
Leiar

Yngve Thorsen (s)
Adm. sjef